



RÅDSMEDLEMMENE

INNKALLING TIL RÅDSMØTE

Dato: Torsdag 14.03.2019

Klokka 09.00 – 15.30

Stad: Bygdahuset, Granvin

Møteplanen for Hardangerrådet godkjent 13.09.2018 gjeld som møteinnkalling.

Agenda:

09.00 – 11.30 Sakshandsaming

11.30 – 12.30 Orientering:

Nasjonale turistvegar.

v/ Therese Ruud og Jan Andresen

12.30 – 13.00 Lunsj

13.00 – 14.00 Årsmøte Hardangerrådet iks

14.00 – 15.30 Orienteringar:

Hardcruise

v/ Hans Parnefält og Terje Søviknes

Sosialt entrepenørskap - nye muligheter

v/ Hilde Dalen og Ingvild Sperrevik

Saker til handsaming:

HR-sak 08/19 Saker innmeldte ved starten av møtet. Vert tatt opp under sak 14/19.

HR-sak 09/19 Meldingar

HR-sak 10/19 Hardangerrådet - Selskapsavtale frå 2020 etter vedtak i fellesnemnda i Voss herad.

Drøfting

HR-sak 11/19 Tilbakeføring av støtte til Filmlocationsamarbeid Hallingdal - Hardanger.

HR-sak 12/19 Turistbåtruta på Hardangerfjorden

Plan for spleiselag. Statusoppdatering i saka vert lagt fram i møtet.

Drøfting

HR-sak 13/19 Søknad om støtte til Norsk Hydrogensymposium 2019

HR-sak 14/19 Orienterings- og drøftingssaker

Forfall må meldast Hardangerrådet v/Trude Rinaldo tlf 53 67 14 50
Varamedlemmene møter etter særskild innkalling.

Kinsarvik 7. mars 2019

Hans Petter Thorbjørnsen/s
Rådsordfører

Jostein Eitrheim
Dagleg leiar



Møtedato 14.03.2019	Saksansvarleg Jostein Eitrheim
---------------------	--------------------------------

HR-sak 09/19 Meldingar

Melding 1 Vedtak i fellesnemnda i Voss herad

Framlegg til vedtak:

Melding vert teken til vitande

Hardangerrådet IKS
Postboks 78
5782 KINSARVIK

Regionalt samarbeid

Viser til invitasjon til å tiltre som medlemskommune i Hardangerrådet frå 2020 datert 14. januar 2019. Fellesnemnda har handsama saka i møte 26. februar 2019. Vedlagt ligg saksprotokoll med vedtak.

Med helsing
Voss herad 2020

Arild McClellan Steine
Prosjektleiar Voss herad 2020

Eldbjørg Lie Jørgensen
Prosjektmedarbeidar
Voss herad 2020

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur

Vedlegg:
Vedtak , 26022019, Sak 9/19, Regionalt samarbeid

SAKSPROTOKOLL

Arkivsak-dok. 18/00021
Arkivkode
Saksbehandler Arild Steine

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Fellesnemnda	26.02.2019	9/19

Regionalt samarbeid

Fellesnemnda har behandlet saken i møte 26.02.2019 sak 9/19

Møtebehandling

Framlegg til vedtak frå Ingebjørg Winjum, Venstre og Hans-Erik Ringkjøb, Arbeiderpartiet:

1. Voss herad skal ta del i eit regionalt samarbeid. Fellesnemnda ynskjer eit breitt samarbeid med kommunar i indre delar av Vestland. Hardangeridentiteten er ein viktig del av Voss herad, og difor er det særleg viktig med eit samarbeid med dei andre kommunane i Hardanger.
2. Vidare vil eit breiare samarbeid òg mot Sogn, styrka heile regionen, og difor vil fellesnemnda vera positiv til å etablera eit regionalt samarbeid for Hardanger, Voss og Sogn.
3. Fellesnemnda ønskjer at det vert etablert eit nytt regionalt samarbeid. Samarbeidsform og organisering vert å koma attende til.

Votering

Framlegg til vedtak frå Ingebjørg Winjum og Hans-Erik Ringkjøb vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Voss herad skal ta del i eit regionalt samarbeid. Fellesnemnda ynskjer eit breitt samarbeid med kommunar i indre delar av Vestland. Hardangeridentiteten er ein viktig del av Voss herad, og difor er det særleg viktig med eit samarbeid med dei andre kommunane i Hardanger.
2. Vidare vil eit breiare samarbeid òg mot Sogn, styrka heile regionen, og difor vil fellesnemnda vera positiv til å etablera eit regionalt samarbeid for Hardanger, Voss og Sogn.
3. Fellesnemnda ønskjer at det vert etablert eit nytt regionalt samarbeid. Samarbeidsform og organisering vert å koma attende til.



Møtedato 14.03.2019

Saksansvarleg Jostein Eitrheim

**HR-sak 11/19 Tilbakeføring av støtte til Filmlocationsamarbeid
Hallingdal - Hardanger**

Saksvedlegg:

Vedlegg 1: Saksutgreiing Sak 43.17 Filmlocationsamarbeid Hallingdal - Hardanger

Vedlegg 2: Vedtak Sak 43.17 Filmlocationsamarbeid Hallingdal - Hardanger

Saksutgreiing:

Etter vedtak gjort i Hardangerrådet om å støtta dette prosjektet med kr 400.000 har det ikkje vore rapportert framdrift frå prosjekteigar, Samarbeidsrådet for Hallingdal.

Administrasjonen er heller ikkje kjend at prosjektet er fullfinansiert slik føresetnaden i vedtak i sak 43/17 legg til grunn.

Med bakgrunn i denne status vil administrasjonen tilrå at desse midlane vert tilbakeført til til "Restmidlar regionalt næringsfond Hardanger".

Framlegg til vedtak:

Hardangerrådet tilbakefører støtte til filmlocation Hallingdal - Hardanger, kr 400.000 til "restmidlar regionalt næringsfond Hardanger".



Møtedato 14.12.2017

Saksansvarleg Jostein Eitrheim

HR-sak 43/17

**Filmlocationsamarbeid Hallingdal – Hardanger
FILM, FJORD, FJELL OG VIDDE (filmlocationnorway)**

Saksvedlegg:

Saksutgreiing:

Bakgrunn

Det er eit uttalt nasjonalt mål for Norge at det skal leggjast til rette for auka verdiskapning, basert på å få fleire internasjonale film- og serieproduksjonar lagt til Norge. Utgangspunktet og den viktigaste sceniske ressursen er vår natur og vår utmark. Frå 1.1.2016 vart det i Norge innført ei filminsentivordning. Føremålet med ordninga er å få fleire film- og serieproduksjonar lagt til Norge. For 2017 er det sett av 56 mill. kroner til ordninga. Ordninga kan gje tilskot på opptil 25 % av godkjente kostnader til internasjonale filmar og seriar, som heilt eller delvis er spelt inn i Norge.

Kvart år blir det produsert omlag 7000 filmar i verda, dette er ein marknad i vekst som omset for 700 mrd kroner pr. år. Filmindustrien blir stadig meir fleirnasjonal i sin produksjons- og finansieringsform. Ein større filmproduksjon kan gjerne ha budsjett på 1 til 3 mrd kroner, og kan legge innspeling og produksjonsoppdrag i eit titals destinasjonar og land.


For å bygge bru mellom filmprosjekt og regionar er det i dag over 500 filmkommisjonar i verden. Dei fungera som det fyrste kontaktpunktet, og bidreg med informasjon om lokasjonar, finansiering, logistikk og lokale arbeidsforhold.

Med m.a. dette som utgangspunkt har det vakse fram ein ide om å utvikle Hallingdal og Hardanger som aktuelle innspelingsstadar for internasjonale film- og tv-produksjonar.

Områda blir her vurdert som svært interessante med bakgrunn i sitt landskap og natur. Som sterke reiselivsregionar vil dette kunne gje store meirverdiar.

Prosjektbeskrivelse

Film Fjord, Fjell og Vidde er ein arbeidstittel på eit eventuelt samarbeid mellom Hallingdal og Hardanger for å legge til rette og marknadsføre desse regionane som innspelingsstad for internasjonale film- og tv-produksjonar. Desse regionane har frå naturen si side filmlokasjonar som kan syne seg å vera i verdsklasse.



Film Fjord, Fjell og Vidde skal i fyrste fase:

- Utvikle eigen nettstad
- Finne fram til aktuelle lokasjonar som skal presenterast med relevant informasjon og bilde på nettstad
- Etablere kontaktnett med relevante filmkommisjonar? Skapa internasjonale nettverk?
- Marknadsføre Hallingdal og Hardanger som attraktiv innspelingssstad og marknadsføre regionale aktørar som kompetente produksjonspartnarar.
- Bygge opp tillit til produksjonskompetanse og gjennomføringsevne.
- Rådgje om lokasjonar og produksjonsforhold
- Arrangere synfaringsturar
- Etablere samarbeidsarenaer med næringslivet, som reiselivsnæringa, tenesteytande næring og bygg og anlegg.

Prosjektmål

Målet med tiltaket er å auke talet på filminnspelningar i Hallingdal og Hardanger og bidra til at regionane får auka verdiskaping og arbeidsplasser reiseliv, bygg/anlegg, tenesteytande næring og innan kreative næringar. Målet vil og vera å dra nytte av den statlege insentivordninga for filmproduksjonar.

Film Fjord, Fjell og Vidde skal i samarbeid med m.a.reiselivsnæringa og Innovasjon Norge bidra til at filminnspelningar gjennomført i Hallingdal/Hardanger skapar

merksemd om regionane som reisemål, og bidra til å skapa eit grunnlag for ein veksande filmturisme.

Prosjektorganisering

I fyrste fase blir Film Fjord, Fjell og Vidde organisert som eit prosjekt, men med målsetting eit eige selskap.

Prosjektet skal ha prosjekteigar, prosjektansvarleg og eigen prosjektleiar. I tillegg skal det etablerast styringsgruppe/prosjektgruppe.

Samarbeidspartar

Fylgjande samarbeidspartar er med i prosjektet:

Milepælar

Tid	Tema
Vinter 2018	Få på plass ein person til stillinga som filmkontakt.
2017-2018	Foto og video av lokasjonar blir ferdigstillt
2018	Produksjon av heimeside, godkjenning av innhald og design, lansering
2018	Lage "kartbok" for befaringsturar med interesserte produsentar
2018	Kontaktmøter potensielle samarbeidspartnarar, bygge nettverk
2018	Arrangere møte mellom dei aktuelle produsentane i Norge og oss
2018, 2019, 2020	Drift, møteverksemd med aktuelle produsentar, befaringsturar, konkrete prosjekt. Arbeide med støtteordningar
2019	Fyrste produksjon på plass

Økonomi

Kostnader

Aktivitet	2018	2019	2020	Sum
Foto, film aktuelle lokasjonar	150.000			150.000
Design web, nettside	40.000	30.000	30.000	100.000
Møteverksemd med aktuelle produsentar	100.000	100.000	100.000	300.000
"Kartbok" for befaringsturar	50.000			50.000
Prosjektleiar, filmkontakt	300.000	300.000	400.000	1.000.000
	640.000	430.000	530.000	1.600.000

Finansiering

	2018	2019	2020	Sum
Regionrådet for Hallingdal				400.000
Hardangerrådet				400.000
Reiselivsnæringa (hotell)				400.000
Bankar				400.000
Innovasjon Norge				400.000
Total sum				1.600.000

Framlegg til vedtak:

Hardangerrådet støtter prosjekt «Film, Fjord, Fjell og Vidde» med totalt kr 400.000 over ein 3-års periode 2018 – 2020. Føresetnaden for støtte er at prosjektet vert fullfinansiert i samsvar med finansieringsplan. Løyvinga vert finansiert frå «Restmidlar regionalt næringsfond Hardanger».



Til
Regionrådet for Hallingdal
Mail: regionraadet@hallingdal.no

Melding om vedtak gjort i Hardangerrådet 14.12.2017

HR-sak 43/17 Filmlocationsamarbeid Hallingdal – Hardanger

Regionen må setja krav til at denne støtte må føra til målbare effektar tilbake til kommunane. Hardanger ser ut til å vera ein interessant region for filminnspelningar.

Vedtak:

1. Hardangerrådet støtter prosjekt «Film, Fjord, Fjell og Vidde» med totalt kr 400.000 over ein 3-års periode 2018 – 2020. Føresetnaden for støtte er at prosjektet vert fullfinansiert i samsvar med finansieringsplan. Løyvinga vert finansiert frå «Restmidlar regionalt næringsfond Hardanger».
2. Tilsegn vert administrert av Regionrådet for Hallingdal.
3. 50 % av tilskottet kan utbetalas når prosjektet er fullfinansiert og tilsagnet er skriftleg akseptert.
4. Ved sluttutbetaling skal revidert prosjektrekneskap og sluttrapport sendast inn.
5. Tildelte midlar kan krevjast tilbakebetalt dersom dei ikkje er nytta etter føresetnadene i søknaden. Slike avgjersler kan ikkje ankast

Kinsarvik 18.12.2017

Fruktbar helsing Hardangerrådet iks

Trude L. Rinaldo

Konsulent

Hardangerrådet iks signerar digitalt



Møtedato 14.03.2019

Saksansvarleg Jostein Eitrheim

HR-sak 13/19 Søknad om støtte til Norsk Hydrogensymposium 2019

Saksvedlegg:

Vedlegg 1: Søknad frå Norsk Hydrogensymposium

Saksutgreiing:

Norsk Hydrogensymposium har som mål å etablera seg som eit årleg arrangement med base i Hardanger.

Det aukande fokus på miljø og berekraft gjer Norsk Hydrogensymposium til ein svært aktuell møteplass der Hardanger kan verta sentral i ulike framtidige prosjekt

Tema for Norsk Hydrogensymposium 2019 er: VOLUM med særskilt fokus på teknologi, infrastruktur og rammebetingelser.

Symposiet 2019 er planlagt 24. og 25. april

Norsk Hydrogensymposium søker Hardangerrådet om støtte på kr 100.000 til arrangementet Norsk Hydrogensymposium 2019.

Viser elles til vedlagte søknad.

Framlegg til vedtak:

Hardangerrådet løyver kr 50.000 i støtte til Norsk Hydrogensymposium 2019.

H₂ardanger

Hardanger – i sentrum for Vestlandets hydrogensatsing

SMB Hardanger arrangerte februar 2018 Norsk Hydrogensymposium i samarbeid med Odda Kommune og Greenstat, samt andre samarbeidspartnere. Arrangementet ble svært vellykket og har fått stor oppmerksomhet fra flere hold. Vi ønsker at hydrogensymposiet i Hardanger skal bli et årlig, internasjonalt arrangement som bidrar til å sette regionen i fokus. Fjorårets arrangement gikk med et lite underskudd. I tillegg til at vi øker deltageravgiften, har tidligere aktører også uttrykt ønsker om å støtte årets symposium. Dette bidrar til at arrangementet står stødigere økonomisk. Likevel trenger vi støtte for å kunne arrangere ett enda større og bedre symposium i år. Vi ser derfor nødvendigheten av å søke Hardangerrådet om kr. 100.000,-, om ønskelig kan dere gjerne få være med som medarrangører. Støtten vil bidra til at vi kan arrangere et bedre, videre og mer samlende hydrogensymposium i Hardanger.

Bakgrunn for konferanse

Norge er allerede langt fremme når det gjelder fornybar energi – nærmere 70% av vårt forbruk er basert på vannkraft. Vi har lang erfaring og høy kompetanse innen utvikling, bruk og drift av ulike energikilder, samt utvikling og anvendelse av teknologi. Dette gjør at Norge er i en unik posisjon til å være en ledende nasjon innenfor fornybar energi, som har et enormt fokus i verden i dag. I denne sammenheng er hydrogen høyst aktuelt.

Under Hydrogensymposiet i vår ble aktuelle problemstillinger diskutert: Hvorfor og hvordan hydrogen kan være en nasjonal innsatsfaktor, statusen for hydrogenteknologi i dag og hvordan anvendelsen av hydrogen kan bli en virkelighet. Gode samtaler, inspirasjon og et økt nettverk ble resultatet. Hydrogensymposiet ble synliggjort som en arena for denne satsingen. Både arrangører og deltakere var veldig fornøyd. Neste års konferanse har allerede fått innledere fra andre deler av verden, blant annet Japan, Spania, Frankrike og Danmark. *I kjølevannet av Hydrogensymposiet 2018 er det startet et prosjekt som ser på mulighet for å etablere en hydrogenstasjon i Odda. Flere lokale bedrifter er involvert. Det jobbes med å få til en flåte av Hydrogenbiler i Hardanger.*

Vi ønsker, med bakgrunn i dette, å arrangere en ny Hydrogenkonferanse. Både for å samle nasjonale og internasjonale aktører for å diskutere hydrogen, og å sette Hardanger på hydrogen-kartet.

Temaet for årets symposium er VOLUM.

Hardanger

Hardangerregionen (pluss Voss) har store mengder overskuddskraft og kan få en sentral rolle som en hydrogenproduserende region. Spesielt fordi det også finnes et reelt behov for hydrogen i regionen: TiZir i Tyssedal er ett av Norges største punktutslipp av CO₂ og kan redusere 90% av utslippene sine ved å benytte hydrogen i stedet for kull som innsatsfaktor. I tillegg går tre stamveier mellom øst og vest gjennom regionen, E 16, Fv7 og E134, perfekt for korridorstasjoner for hydrogen, og ved munningen av Hardangerfjorden finner vi et innovativt og handlekraftig maritimt miljø.

Regionen kan selv få store utslippsreduksjoner samtidig som man bygger opp produksjon og kompetanse som kan være med på å utvikle nye næringer.

Hydrogensatsning i Hardanger sammen med satsningen som blir gjort i Kvinnherad og i Hjelmeland kommune (Norges første ferje drevet med Hydrogen i 2022), kan gjøre oss til hydrogenregionen i Norge, og bidra til ett grønnere Hardanger. Målet er å få hurtigbåter drevet av hydrogen på Hardangerfjorden innen rimelig tid.

Tema for 2019

Under Hydrogensymposiet i 2019 ønsker vi å følge opp noen av temaene fra forrige symposium, spesielt med tanke på status og fordypning i aktuelle prosjekter. Vi vil ha et særskilt fokus på volum, men også *teknologi, infrastruktur og rammebetingelser*. Det vil videre være fokus på hvordan vi kan posisjonere oss i et marked der man allerede bruker hydrogen. Under planleggingen av symposiet vil vi også være i dialog med innledere om hvilke tema som er dagsaktuelle. Vi jobber mot TV-sendt debatt innenfor energipolitikk ettersom det nærmer seg valg, og energi er et aktuelt tema.

Når det gjelder *teknologi* vil det blant annet være fokus på lastebiler. Både Tine og ASKO har bestilt lastebiler drevet av hydrogen. Vi vil utfordre Trevor Milton fra Nikola på hvor stort dette markedet faktisk er. Vi er i kontakt med Kongsberg Maritime og et firma i Fredrikstad som er produsere motorer og er involvert i klyngeprosjekt innen smartere energi.

Infrastruktur vil være sentralt på symposiet. Vi er i dialog med Galp, et firma lokalisert i Portugal, som spesialiserer seg i frakt og lagring av hydrogen, og LNG nett angående hvordan eksisterende transport-nett kan nyttes til frakt av hydrogen.

Når det gjelder *rammebetingelser*, er det svenske svaret på ENOVA (INOVA) aktuelle. Det skjer mye spennende i Sverige, spesielt innenfor industri – lignende TiZir-prosjektet. Dette vil det være interessant å høre mer om.

Fjorårets symposium fikk interesse fra flere hold. Innovasjon Norge ga gode tilbakemeldinger sist og vil bli mer involvert. En delegasjon fra den danske ambassaden deltok på konferansen. Det har blitt meldt interesse fra den ambassaden til Japan, en stor nasjon innen hydrogen-forbruk, og Danmark. De ønsker å sende en delegasjon til neste års symposium. NEL, en av verdens største produsenter av hydrogen-teknologi, ønsker å sende representanter fra både Danmark og Norge.

I sosiale medier laget i forbindelse med årets symposium, er det jevn aktivitet.

Symposiet planlegges i april (24. og 25.), da både temperatur og værforhold er mer stabile på denne årstiden.

Det er viktig å synliggjøre hva regionen har å by på, både kompetansemessig og som et sted å bo. Dette er viktig for næringen i vår del av landet, i tillegg til kommunene og beboerne. Arrangement som Norsk Hydrogensymposium er med på å sette oss på kartet for fremtidens industri. Sammen med TiZir og Boliden sine store pågående prosjekt, samt aktivitet i annet næringsliv og reiseliv, har vi stort potensiale som må synliggjøres på alle måter. Norsk Hydrogensymposium er en av de arenaene vi kan få dette til.

Vi håper Hardangerrådet ser viktigheten av selve prosjektet og at vi får slike arrangement til regionen, og ønsker å være en støttespiller også i år.

Inntekter			
	Pris pr stk	Deltakere	Totalt
Påmeldte konferanse begge dager	3 605,00	100	360 500,00
Påmeldte dag 1	2 580,00	10	25 800,00
Påmeldte dag 2	2 155,00	10	21 550,00
Sparebankstiftinga Hardanger			100 000,00
Odda kommune tilskudd			130 000,00
Hardangerrådet tilskudd			100 000,00 Ikke bekreftet
Sparebanken Vest			30 000,00 Ny søknad 2019
Hordaland fylkeskommune			50 000,00 Ikke bekreftet
SKL			50 000,00 Ikke bekreftet
NEL Notodden/Notodden Kommune			30 000,00 Ikke bekreftet
Kvinnherad kommune			25 000,00 Ikke bekreftet
Tizir			20 000,00 Ikke bekreftet
Totalt inntekter			942 850,00

Utgifter			
Kraftstasjonen			20 000,00
Møteleder			30 000,00 Bekreftet
Lydanlegg			150 000,00
Transport			10 000,00
Lunch dag 1	190,00	130	24 700,00
Lunch dag 2	190,00	130	24 700,00
Middag	800,00	130	104 000,00
Hardangersmak	100,00	130	13 000,00
Cidersmaking	100,00	130	13 000,00
Kaffe, frukt m.m.	100,00	260	26 000,00
Underholdning			10 000,00
Annonsering diverse			40 000,00
Trykk			20 000,00
Reiseutgifter og overnatting innledere			45 000,00
Gaver foredragsholdere	30,00	200	6 000,00
Arbeid	805,00	380	305 900,00
Diverse			50 000,00
Totalt			892 300,00

Resultat 50 550,00